



Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet Region Sør og Vest  
Kystverket Vest  
Fiskeridirektoratet Region Vest


Dato: 30.11.2017  
Vår ref.: 2017/17252-5  
Saksbehandlar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## Eide Fjordbruk AS - Søknad om auka areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune

Hordaland fylkeskommune sender kopi av søknad motteke 24.11.2017 frå Eide Fjordbruk AS om løyve til utviding av areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune.

Lokalitet 26295 Langøy er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 4680 tonn. Godkjent anlegg består av fem frittliggende 160 m ringar på ei rekje, som ligg rundt 130 – 650 meter frå land om lag i lengderetning nordaust – sørvest. Kvar ring ligg i ei fortøyingsramme på 100 x 100 meter på ei rekje. Det ligg også ein fôrflåte på søraustsida av anlegget rundt 150 meter frå land. Noverande anleggspllasseringa vart godkjent etter akvakulturregolverket 19.03.2015.

Eide Fjordbruk AS søker no om å installera fem nye fortøyingsrammer for ringmerdar, i rekke på nordsida og parallelt med eksisterande fortøyingsrammer. I tillegg kjem naudsynte fortøyinger. Fôrflåten skal ligge som i dagens konfigurasjon. Omsøkte anleggsdelar er farga gult i kartet under.



Illustrasjon 2: Skildring av eksisterande og nye fortøyinger. Akvasafe og ABO Plan og Arkitektur Stord.

Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse i anlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 4680 tonn.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Eide Fjordbruk AS mellom anna at ein må endra anleggskonfigurasjon for å oppnå produksjon i samsvar med maksimalt tillaten biomasse ved lokaliteten. Auke i talet på ringmerdar i anlegget vil gje høve til å ha færre fisk i kvar ringmerd, noko som vil føra til betre fiskevelferd. Lågare tettleik av fisk vil gje betre oksygentilgang og meir effektiv transport av fekalias og andre metabolittar.

Merdanlegget, fôrflåten og mesteparten av fortøyingsarrangementet ligg i Lindås kommune, medan seks fortøyinger/ankerfeste mot nordaust og ligg i Masfjorden kommune. I reguleringsplan for akvakulturområde ved Langøy og Ospeneset vedteke 02.11.2017 er omsøkt område avsett til akvakultur, og i føresegndene til planen er det høve til å leggje fortøyinger og anker i fleirbruksområde utafor området sett av til akvakultur. Mot nordvest og nordaust vil fortøyingane til anlegget til liks med eksisterande fortøyinger strekkje seg utanfor reguleringsplanen. Desse delane av anlegget, i både Lindås og Masfjorden, er søkt i areal som er avsett til fiske, ferdsel, natur og friluftsliv med tilhøyrande føresegner om at fortøyinger og ankerfeste frå akvakulturanlegg kan tillatast.

Rådgivende Biologer har granska botntilhøve i lokalitetsområdet i 2010, 2012, 2014, 2015 og 2016. Siste B-gransking syntet tilstand 1= «meget god» og siste C-gransking viste gode miljøtilhøve for alle fysiske parametrar. Botngranskinga viste at påverknaden er størst eit lite stykke frå anlegget, noko som er ein følgje av straum og djupnettilhøva i området. Dei gode tilhøva på lokaliteten heng saman med gode straumtilhøve, skrånande botn og den store djupna under anlegget og utover i fjorden.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR 2017-06-21-854). Søknaden skal då handsamast etter § 8 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiaast nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Lindås og Masfjorden kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsome/vurdere søknaden frå Eide Fjordbruk AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor. (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:

Eide Fjordbruk AS